

INGRID SAMSET

## Brotsverk og straff


For sentralafrikanarar kjem politisk makt snarare frå våpen og naturressursar enn frå stemmesletten. Krigen i Den Demokratiske Republikken Kongo (DR Kongo) har kosta nærmare tre millionar menneskeliv og skapt massive flyktningstraumar. Kvifor er konflikten så seigliv? Kan internasjonal rett føre regionen ut av uføret?

Vi har definert den sentralafrikanske regionen som dei ni landa DR Kongo, Republikken Kongo, Rwanda, Burundi, Gabon, Ekvatorial-Guinea, Kamerun, Tsjad og Den sentralafrikanske republikken. Dette landa blir her profilert med utgangspunkt i krigen i DR Kongo som har prega utviklinga i store delar av regionen dei siste åra. Ei skiljing av ulike plan som konflikten har blitt utspelt på, kjem til å vise kolloids utnyting av naturressursar har forsterka militariseringa. Artikkelen skal vidare vurdere rolla den nye internasjonale straffedomstolen kan få for å dempe konfliktnivået i regionen.

### KONFLIKTENS LAPPETEPPE

Etter folkemordet på tutsiar i Rwanda i 1994 flykta mange av dei ansvarlege vestover til Kongo. Hemnåtak, starta både av tutsiar og hutuar, overtydde Rwandas tutsi-dominerte regjering om at Aust-Kongo trugar deira nasjonale tryggleik. Rwanda og alliansepartnaren Uganda ønske sin mann ved roret i Kongos hovudstad Kinshasa, og sørgja for at Laurent-Désiré Kabila innrok presidentembetet i 1997. Men sidan Kabila verken hanla opp med eksil-hutuane eller sikra grensa mot Rwanda, og i tillegg distanserte seg frå dei som hadde innsert han, snudde støtta seg til planar om nyrn maktskifte.

Invasjonen frå aust i august 1998 gjorde Kongo til sårad for Afrikas første kontinentale krig. Rwanda og Uganda sirt forsøk på å innra Kinshasa blei stransa ved at Angola, Namibia og Zimbabwe kom Kabila til unnsetnad. Men på veg mot hovudstaden hadde troppane frå aust okkupert store område som dei ikkje gav slepp på med det første. Sjølv etter at Rwanda og Uganda trauk utklar



i 1999 og invasjonfronten slo sprekkar, og etter at ein avtale om våpenkvile blei skriven under i Lusaka og FN-styrkar blei innsert seinare same år, har kampene heldt fram.

Trass i at krigen byrja som ein konfrontasjon mellom utanlandske invasjonstyrkar og Kongos hær, har den også blåst liv i ulmande spenningar på andre nivå. President Kabila innsåg tidleg at den kongoleiske hæren var for svak til å kontre dei USA-trena styrkane frå Kigali og Kampala åleine, men lét vere å bygge ein nasjonal hær av kongolesarar som motmakt. Dermed åt konflikten seg utover regional og innover nasjonal.

Regionalisering av konflikten kom ikkje berre av at presidenten rekrutterte meir enn 10 000 mann frå Zimbabwe og 2 000 frå Namibia. Også rekruttering internt i Kongo hadde regionale effektar. Kabila fann nemleg assistanse blant mili-

tært trenna burundiarar og rwandarar som hadde flykta til Kongo frå konflikten i egne heimland. Mange av flyktningane var hutuar som hadde delteke i folkemordet i Rwanda, anten som del av den tidlegare hæren eller av folkemordmilitsen *Interahamwe*. Innnullert i Kabilas armé møtte dei igjen tutsiar på slagmarkene. Ved å invadere Kongo har Rwanda såleis eksportert egne uførte spenningar til ny militær konfrontasjon utanlands.

I tillegg til den internasjonale krigen og den eksporterte striden mellom Rwandas tutsi-hær og eksil-hutuane, har konflikten utvikla seg til kongoleisk borgarkrig på tvers av ei rekke frontlinjer. Den mest vidtrekkande interne konflikten, som går i tospann med den internasjonale, stiler Kinshasa opp mot opprørsstyrkane *Kongoleisk samling for demokrati (RCD)* og *Rørsla for frigjerings av Kongo (MLC)* – som respektivt er støtta av Rwanda og Uganda. Dei to okkupasjonsmaktene har og lart borgarkrigliknande tilstandar utvikle seg blant kongoleiske grupper i områda dei kontrollerte, som *Mai Mai-gentilvan* og *hema- og lendufolker*.

Ved å løfte blikket frå lappeteppeet av konflikttar i Kongo kan ein sjå eit tydeleg mønster. Fellestrekket er såre enkelt: Krigen frontar militær mot sivil. Meinn med våpen i hand har uføret så store brot på kongolesarane sine memnerettar at det er vanskeleg å fatte omfanget. Ikkje berre massakrar, massevaldtekt og tortur har prega situasjonen – også systematisk og utbreidd smugling av Kongos enorme naturressursar er veldokumentert.

### VINNINGA OVERGAR SPINNINGA

For å illustrere det antisivile mønsteret i lappeteppeet konflikten i Kongo ugit, skal vi sjå nærmar på framferda til Rwanda – det sentralafrikanske landet med dei mest solide banda til konflikten.

Rwandiske styrkar brukte det første året etter invasjonen til å tømme det dei fann av oppsamla verdiane i Aust-Kongo og eksporterte storparten av ressursane vidare via Kigali. I denne fasen tente Rwanda mest på tømmer, kaffi og minerale coltan, som blir brukt i produksjon av flydelar og mobiltelefonar. Mot slutten av 1999 var lagra tomde, og plyndringa tok ei meir subtil form: No byrja systematisk utvinning og produksjon av naturressursane i okkupert territorium. Framleis

var coltan profitabelt, men også gull og diamantar gav ein feit krigsbonus.

Rwandas omgang med diamantar kastar vil over president Paul Kagames forskingrar om berre å ha politiske årsaker til engasjementet i Kongo. Trass i at Rwanda ikkje utvinn dette mineralet, eksporterte landet diamantar for nær ein halv million USD i 1999 og 2000 millionar i 2000 – ei hundredobling samanlikna med året krigen tok til. I 2000 var dessutan diamantane som Rwandas allierte i RCD hadde teke, verdt heile 15,3 millionar USD. Mellomlegget tyder på at diamantane også har blitt brukt til andre formål enn å få framand valuta gjennom eksport – som byrjehandel mot våpen og løn til soldatar. Dessutan har mange av diamantane blitt seld til private kjøparar direkte frå produksjonsområdet, mot innkrevjing av skatt som gav Rwanda kring to millionar USD ekstra i kassakassa både i 1999 og 2000.

Mineralelt coltan, som heller ikkje finst i Rwanda, er eit auna dome på kortleis vinninga frå krigsakvitoren ser ut til å overgå spinninga. Med mobilboomen i 1999-2000 tente landet heile 250 millionar USD berre frå coltaneksport.

Totalt utgjorde alle produktar Rwanda har teke frå Kongo og eksportert vidare 8,4 prosent av landets eksport i 1999 og 7,1 prosent i 2000. Dette enorme ekstrainntekten, som har kome i ein fase då bistandsflumen etter folkemordet er i ferde med å tørke inn, har gjort Rwanda i stand til å fordoble militær forbruk – og dermed å styrke grepet om det auslege Kongo.

Dette grepet utnyttar menneskelege ressursar parallelt med naturressursane. Plyndring og utvinning av verdiane i Aust-Kongo har blitt utført ved hjelp av tvangsarmat, både for å stillne protest og å rekruttere arbeidskraft. Krigen har dermed ikkje berre teke rådetenten over egne ressursar veik frå kongolesarar flest – den har også redusert deira evner til å styrke egne liv.

Verdiane rwandiske styresmakter har vunne frå eit kongoleisk territorium som er langst større enn Rwanda sjølv, bidreg til å forklare motstanden mot militær tilbaketrekking. Avtalen som Kongo og Rwanda inngjekk i juli 2002 – i etterkant av den utfullende interkongoleiske dialogen – illustrerer kor høge krav okkupasjonsmakta set. Før president Kagame vil trekkje sine døyr 30 000 mann ut, må alle Interahamwe-hutuar i Kongo bli

avvæpna og reparert. Problemet til Joseph Kabila, som tok over som president da far hans blei drept i 2001, ligg opp i dagen. Mange av huane har blitt integrerte i Kongos hær, og utan dei fører Kabila maurens kamp mot løvene. Kjennhan til kort, får Kagame rett den legitimeringa han søker for å la sine troppar bli verande.

#### ER RETTENSVEG DEN RETTE?

Kongos støtte til den nye *internasjonale straffedomstolen (ICC)* i Haag er tett knytt til landets utanrikspolitiiske mål nummer ein: å gjenvinne sjølvstend. Justisminister Ngèle Masudi forklarar støtta slik: «Det er i Kongos beste interesse å ratifisere Roma-traktaten for Den internasjonale straffedomstolen, ikkje berre fordi landet er eit offer for ein illegitim invasjon, men også fordi det er ein rettsar som har akseptert jurisdiksjonen til den internasjonale domstolen.»

Kongo har alt byrja å bruke det internasjonale rettsystemet for å saksøkje Rwanda og Uganda. Skuldningane om ulovleg invasjon er rett overfor *Folketrettsdomstolen (ICJ)*, som kan gi rådgjevande fråsøgnar i tvistar mellom land. Den nye internasjonale straffedomstolen, derimot, vil for det første kunne avgje endelige dommar, for det andre domme individuelle forbyratar og for det tredje ikkje vere avgrensa berre til internasjonale konfliktar.

Mange trur difor at ei av dei første sakene som vil bli retst for domstolen nettopp vil kome frå Kongo. Dei kriminelle handlingane domstolen kan dømme over – som til dømes krigsbrotsverk – har utvilsamt funne stad der; også etter at domstolens vedtekter trådte i kraft 1. juli 2002. Dessutan vil ikkje saker frå Kongo risikere å provosere domstolens erkjenningar USA like sterkt som saker frå ICC-medlemsland der amerikanske styrker er tungt til stades, som i Colombia.

På si side får Kongo som ICC-medlem styrkt evne til å rettsforfølge dei ansvarlege for invasjonen og for overgrep i kjølvannet av den same, som manglande evne innan Kongos rettsystem eller manglande vilje frå til dømes Rwanda eller Uganda til å samarbeide vil vere gode nok grunnar til å vise saka vidare til Haag.

Invasjonsargumenter veg dessutan tungt for regjeringa i Kinshasa, ettersom invasjon er eit av dei brotsverka domstolen vil kunne dømme over.

Sjølv om dette brotsverket var så kontroversielt at ein ikkje kom fram til ein definisjon av det i Roma-traktaten, og ICC difor først vil kunne byrje å dømme i invasjonssaker frå 2009 av, gjev domstolen Kongo og andre land som er sårbare for ekstrem maktmisbruk ei framtidig sikring mot nettopp dette.

Verner mot maktmisbruk utanfrå og den preventive avskrekkingseffekten den internasjonale domstolen gjev, er nok grunnar Kongo deler med dei andre sentralafrikanske landa som er inne eller på veg inn som ICC-medlemmer. Per primo september 2002 har – forutan Kongo – Gabon og Den sentralafrikanske republikk ratifisert Roma-traktaten, medan Burundi, Kamerun og Republikken Kongo førebur ratifisering gjennom tilpassing av nasjonale lovverk.

Desse sentralafrikanske regjeringane tek stegert inn i det globale rettsnettverket vel vitande om at den nye domstolen like så gjerne vil kunne dømme overgrep utført av regjeringssyrklar eller offentleg tilsette som av geriljasoldatar eller invasjonstroppar. Ved å ratifisere gjev dermed statsmakterne i Sentral-Afrika sine folk eit middel for å stille også den nasjonale eliten til ansvar, om staten sjølv ikkje let kriminelle i egne rekkefer gå rettens veg. Ratifikasjonane frå denne regionen, som har slitte med væpna konflikter i fleire tiår, vinnar difor om innsikt i at alle kan utføre dei verste handlingar – og at vi difor treng eit kollektivt rettsvern utanfor feilbarlege nasjonale system.

#### 100 DAGARS EINSEM

Forutan Ekvatorial-Guinea er Rwanda det einaste sentralafrikanske landet som ikkje har signert Den internasjonale straffedomstolens vedtekter. Motstanden frå Kigali er tett knytt til folkemordet i 1994, der det internasjonale samfunnet ikkje berre unnlåt å forhindre det fryktelege dei var informert om at ville skjje, men også trekte ut dei FN-styrkane som kunne redda hundreusentvis av afrikantar frå den sikre død.

Efter at nær ein million menneske blei myrda i løpet av 100 dagar, svarte verdssamfunnet med å opprette ein internasjonal domstol for å stille dei hovudsvarlege for retten. Den overførte dermed førstretten til å straffe dei mest alvorlege brotsverka frå nasjonalt til internasjonalt nivå. I Kigalis kummerlege fengsel hanna berre dei som hadde

lydd ordre eller utført mindre omfangsrke kriminelle handlingar. Medan dei ra straff ofte har vore døden, har dei største skurkane berre risikert fengselsstraff etter ein relativt komfortabel periode i varerkt.

Syresmakterne i Kigali har reagert sterkt på at det internasjonale samfunnet, som svikta då landet trong det som mest, har teke frå dei retten til å straffefølgje dei som ber det yngste ansvaret for folkemordet. Dette blir sett på som eit brot på nasjonal suverenitet, og ser ut til å ha farga regjeringas syn på alle former for globalt rettsamarbeid. Sjølv om den internasjonale straffedomstolen berre vil kunne tre inn dersom eit land har vist manglande evne eller vilje til sjølv å stille kriminelle for retten, har Rwandas erfaring med *Det internasjonale tribunal for Rwanda (ICTR)* dessverre skapt intens motstand mot all delegering av rettsaktivitet ut av landet.

Den internasjonale straffedomstolen, som berre kan verke utfyllande i høve til nasjonale rettsystem, har likevel eit langt større potensial enn ICTR til å oppnå tillit frå landa den skal tenne. Håpet er at eksistensen av eit globalisert rettsystem, som ICC borgar for, i framtida vil avskrekke folk nettopp frå å iverksetje nye folkemord. Det har konfliktrfyer regionar som Sentral-Afrika alt å tene på.

#### Av Ingrid Samset, student

ingrid.samset@cmi.no

Samset er hovudfagsstudent i samanhengende politikk, tikknyt Chr. Michelsens Institutt. Samset skriv om økonomiske drivkrefter i krigane i Angola og Kongo, og om rolene sanningsskommisjonar og domstolar kan spele i etterkant av overgrep og konflikt.

#### LITTERATUR:

- Dieftich, Christian:** *Hard Currency: The Criminalized Diamond Economy of the Democratic Republic of the Congo and Its Neighbours.* Ottawa: Partnership Africa Canada ([www.partnershipafricacongo.org](http://www.partnershipafricacongo.org)), 2002.
- Friman, Håkan:** *The Democratic Republic of Congo: Justice in the Aftermath of Peace?* i *African Security Review*, vol. 10 nr. 3 ([www.iss.co.za/Pubs/ASR/10No3/Friman.html](http://www.iss.co.za/Pubs/ASR/10No3/Friman.html)), 2001.
- Power, Samantha:** *A Problem from Hell: America and the Age of Genocide.* New York: Basic books, 2002.
- Samset, Ingrid:** *Conflict of Interests or Interests in Conflict? Diamonds & War in the DRC, i Review of African Political Economy*, vol. 29 no. 93, 2002.